



POLITIET

OMTALTE RESULTAT 2017

Vest politidistrikt



Innhald

1. Innleiing	1
2. Samandrag	2
2.1 Hovudtal kriminalitetsutviklinga	2
2.2 Politiet si straffesakshandsaming	3
2.3 Politiet si operative innsats	3
2.4 Forvaltning	4
2.5 Trafikk	4
3. Kriminalitetsutviklinga	5
3.1 Vinningskriminalitet	5
3.2 Økonomisk kriminalitet	6
3.3 Narkotikakriminalitet	6
3.4 Valdskriminalitet	7
3.5 Seksuallovbrot	8
3.6 Skadeverk	10
3.7 Anna kriminalitet	10
3.8 Miljøkriminalitet	10
3.9 Arbeidsmiljø	10
4. Politiet si straffesakshandsaming	11
4.1 Talet på påtaleavgjerder	11
4.2 Saker under arbeid og restansar	13
4.3 Inndraging	14
4.4 Domfellingar og frifinningar	15
5. Politiet si operative innsats	16
5.1 Responstid	16
5.2 Væpna oppdrag	16
5.3 Redningsaksjonar	16
5.4 Operasjonssentralane	17
5.5 Politibåten	17
6. Forvaltning	19
6.1 Pass og førarkort	19
6.2 Utlendingsforvaltning	19
7. Sivil rettspleie	20
8. Trafikk	21

Figurliste

Figur 1: Utviklinga for melde lovbrøt 2013–2017.....	2
Figur 2: Narkotikakriminalitet. Utvikling innanfor utvalte statistikkgrupper 2013-2017.....	7

Tabelliste

Tabell 1: Talet på melde lovbrøt 2013-2017	3
Tabell 2: Påtaleavgjorde lovbrøt 2013-2017.....	11
Tabell 3: Oppklaringsprosent lovbrøt 2013–2017	11
Tabell 4: Sakshandsamingstid oppklara lovbrøt 2013–2017.....	12
Tabell 5: Sakshandsamingstid på prioriterte valdssaker påtaleavgjorde, 2013-2017	12
Tabell 6: Sakshandsamingstid saker mot ungdom under 18 år påtaleavgjorde 2013–2017	13
Tabell 7: Tal på saker under arbeid 2013–2017.....	13
Tabell 8: Tal på restansar (saker eldre enn 3 månader) 2013–2017	14
Tabell 9: Inndraging av utbytte og gjenstandar 2013–2017.....	14
Tabell 10: Tal på forhold avgjorde ved dom i 2017	15
Tabell 11: Responstid, sentrale krav og resultat i minutt 2017.	16
Tabell 12: Tal på utskrivne pass 2015-2017.....	19
Tabell 13: Tal på bekymringsmeldingar førarkort, 2015-2017	19
Tabell 14: Tal på uttransportar, 2012-2017.....	19
Tabell 15: Tal på registrerte saker sivil rettspleie 2015-2017	20

1. Innleiing

Rapporten presenterer resultatene for Vest politidistrikt i 2017. Første del av rapporten gir ei oversikt over kriminalitetsutviklinga. Andre del av rapporten gir ei oversikt over resultat og utvikling i straffesakshandsaminga til politiet. I siste del av rapporten vil ulike resultat knytt til politiet si operative innsats presenterast, samt resultat innan forvaltning, sivil rettspleie og trafikk. Det er andre gong at denne årlege rapporten presenterer tal for det nye Vest politidistrikt samla, det betyr at tala dekker både Hordaland og Sogn og Fjordane. I nokre tabellar vil dei historiske tala for dei tidlegare politidistrikta presenterast.

Talmaterialet på kriminalitetsutviklinga og straffesakshandsaminga er basert på politiet sitt straffesakssystem STRASAK. Statistikken må reknast som ein intern driftsstatistikk for politiet og bør ikkje lesast som den offisielle kriminalstatistikken, som blir gitt ut av Statistisk sentralbyrå (SSB). Rapporten presenterer den kjende kriminaliteten, det vil seie den kriminaliteten som blir meld til politiet.

1. oktober 2015 blei ny straffelov av 2005 innført i Noreg. Dette har konsekvensar for kriminalitetsstatistikken, i sær moglegheita til å samanlikne tala med tidlegare år. Dei sentrale endringane er:

- 1) Skillet mellom brotsverk og misferder er borte. No blir alle melde saker omtalt som lovbrøt.
- 2) Dersom ei sak blir registrert hos politiet etter 1. oktober 2015, medan gjerningsdatoen for lovbrøtet er før denne dato, så er saken registrert på ein statistikkgruppe som svarer til den gamle straffeloven av 1902. Er både registreringsdato og gjerningsdato etter 1. oktober, er saken registrert på ein statistikkgruppe som svarer til den nye straffeloven. Dette gjer at vi må inkludere både nye og gamle statistikkgrupper for å sjå på utviklinga i 2016 og 2017 under eitt.
- 3) Ettersom nye statistikkgrupper har blitt etablert medan andre statistikkgrupper er fjerna eller endra, bryt i prinsippet innføringa av ny straffelov moglegheita til å samanlikna utviklinga i 2016 og 2017 med tidlegare år. Rapporten vil derfor ikkje vere like detaljert som tidlegare. Vi vil markere for lesaren kor ein bør vere merksam på endringar. I enkelte tilfelle er det likevel mogleg å slå saman ulike statistikkgrupper for å kunne samanlikna tala for 2017 med tidlegare år. I dei tilfella blir det brukt ikkje-justerte tal. Det blir gjort for å få best mogleg samanlikningsgrunnlag. Saker som er registrerte i STRASAK, kan bli justerte av ulike årsaker: Feilkodingar av saker, ny informasjon kjem til i sakene, og etterforsknings- og påtalemessige vurderingar fører til at saker endrar kode. Saka kan dermed endrast til eit anna juridisk forhold enn det som først blei registrert.


Bergen, 15. januar 2018

Analyse- og registerseksjonen
Felles operativ eining

2. Samandrag

2.1 Hovudtal kriminalitetsutviklinga

Som ein ser av grafen nedanfor gjekk talet på melde lovbrøt i Vest politidistrikt ned relativt kraftig i 2015 samanlikna med åra før. Nedgangen held fram i 2016 og 2017. I 2017 blei det meldt 32 438 lovbrøt, ein nedgang på om lag 2,7 % samanlikna med 2016. Det har vore endå større nedgang på landsbasis med 5,1 % sidan 2016. Talet på melde lovbrøt i 2017 er det lågaste nivået i femårsperioden.



Figur 1: Utviklinga for melde lovbrøt 2013-2017

Kjelde: JUS066

Lovbrøt etter kriminalitetstypar

I tabellen på neste side kan ein sjå nærmare på utviklinga innan den enkelte kriminalitetstype. Det er viktig å understreke at fleire statistikkgrupper har "bytta" kriminalitetstype etter innføringa av ny straffelov. Dette gjeld til dømes bedragerier, som tidlegare høyrde til vinning, medan dei frå 1. oktober 2015 høyrer til økonomi. Ettersom dette er ei gruppe med relativt mange melde saker, så gjer dette utslag i talet på saker for begge dei nemnde kriminalitetstypene. Den tilsynelatande kraftige auka i talet på økonomisaker kan langt på vei forklarast med at bedragerisakene no tel her, medan det fortsatt har vore ein nedgang i talet på vinningssaker sjølv om ein trekker frå bedragerisakene. Fleire detaljer om slike konsekvensar blir kommentert under det enkelte avsnitt om dei mest sentrale kriminalitetstypene. Andre utviklingar som bør nemnast særskild er auka i melde seksuallovbrøt.

	2013	2014	2015	2016	2017	Diff 2016- 2017	Diff % 2016- 2017
Økonomi	660	761	994	2 297	2 260	-37	-1,6 %
Vinning	16 294	15 060	12 567	10 934	10 102	-832	-7,6 %
Vald	2 754	2 654	2 776	3 193	3 101	-92	-2,9 %
Seksuallovbrot	512	513	627	821	1 040	219	26,7 %
Narkotika	4 306	4 788	3 640	3 214	3 483	269	8,4 %
Skadeverk	1 464	1 350	1 301	1 401	1 411	10	0,7 %
Miljø	212	208	215	245	251	6	2,4 %
Arbeidsmiljø	106	141	150	124	109	-15	-12,1 %
Trafikk	6 149	6 608	6 037	5 771	5 738	-33	-0,6 %
Anna	4 786	4 947	4 327	3 872	3 542	-330	-8,5 %
Undersøkingssakar	1 102	1 203	1 367	1 482	1 401	-81	-5,5 %
Total	38 345	38 233	34 001	33 354	32 438	-916	-2,7 %

Tabell 1: Talet på melde lovbrøt 2013-2017
Kjelde: JUS066

2.2 Politiet si straffesakshandsaming

Indikatorane som måler straffesakshandsaminga i politiet er også påverka av innføringa av ny straffelov. Mellom anna er skiljet mellom brotsverk og misferder oppheva, no blir alle melde saker omtalt som lovbrøt. Tradisjonelt har misferdene hatt en høg oppklaringsprosent og brotsverka ein lågare, derfor stig også nivået på oppklaringsprosenten generelt når kategoriene slås saman. Tidlegare Sogn og Fjordane politidistrikt har gjennom dei siste fem åra hatt ein høgare oppklaringsprosent enn Hordaland. Samstundes er volumet på saker betydeleg større i Hordaland enn i Sogn og Fjordane. Den samla oppklaringsprosenten for Vest politidistrikt var på 53,2 i 2017. Det er vanskeleg å kommentere korleis denne oppklaringsprosenten har utvikla seg frå 2016 og 2017 samanlikna med årene før. Årsaka er at det er andre gong vi nyttar tal som er produsert for Vest politidistrikt samla. I kapitlet som omhandlar straffesakshandsaminga har vi gjort nokre enkle berekningar for lesaren, men vi må understreke at den historiske samanlikninga ikkje gir eit komplett bilete, før vi kan nytte tal for heile Vest politidistrikt over fleire år.

Ved utgangen av 2017 har politidistriktet om lag 5 289 restansar (saker eldre enn tre månader), og dette er ei sentral utfordring. Hovudvekta av restansane ligg i Hordaland. Det er fleire samansette årsaker til at restansane er på et høgt nivå. Sjå eige kapittel om "Politiet si straffesakshandsaming".

2.3 Politiet si operative innsats

Politiet si operative innsats er gjennom eit år svært variert. I denne rapporten er det tatt med generelle tal og betraktningar innan utvalte områder i året som har gått. Vest politidistrikt har nådd delar av dei sentrale måla om responstid i 2017. Der måla ikkje er nådd er det snakk om små avvik, der enkeltoppdrag med lang uttrykkingstid kan være utslagsgivande.

Vidare blei det registrert 657 væpna oppdrag i 2017. Dette inneber nødvendigvis ikkje at alle var oppdrag kor politiet rykte ut til skarpe situasjonar. I tala er nemleg også oppdrag kor politiet etter ei vurdering vel å væpna seg for eigen eller andre sin sikkerheit i samband med planlagde pågripingar, ransakingar og liknande.

I 2017 svara operasjonssentralane i Hordaland og Sogn og Fjordane på 55 083 nødtelefonar. Frå 8. november 2017 ble dei to sentralane slått saman. Rekrutteringsarbeidet er enno ikkje ferdig, fordi det krev tid og ressursar til opplæring før ferdig utdanna operatørar er på plass.

Det har vore fleire ulike typar redningsaksjonar i 2017. Politidistriktet har både lang kystlinje og høgfjellsområder innanfor sitt område. Ettersom det er store sprik mellom det som meldast inn som redningsoppdrag og det som er faktiske reelle oppdrag, gir ikkje det totale talet som er logga eit godt bilete av omfanget. Det var i 2016 ei kraftig auke i aksjoner på Trolltunga i Hardanger, men dette ble sterkt redusert i 2017 som følge av en fjellvakt-ordning i regi av Odda kommune. Politibåten er ei viktig del av beredskapen i distriktet, og dekkjar no eit stort geografisk område på ca. 160 nm frå sør til nord i dei to fylka, samt inn i fjordane, ca. 100 nm.

Sjå eige kapittel om "Politiet si operative innsats" for fleire detaljar.

2.4 Forvaltning

Forvaltningsavdelinga i politidistriktet tar jamleg imot bekymringsmeldingar kor det meldast frå om personar som ein meiner ikkje lenger oppfyller vilkåra for å inneha førarkort. I 2017 tok politidistriktet imot 451 slike meldingar.

I 2017 blei det skriven ut 82 844 pass i Vest politidistrikt mot 78 876 i 2016. Dette er ein auke på 3 968 pass (5 %).

I den operative delen av utlendingsforvaltninga har Vest politidistrikt i 2017 stått for 293 uttransporteringar av personar utan lovleg opphald i Noreg. Talet for 2017 er det tredje høgaste dei siste fem åra.

2.5 Trafikk

I 2017 omkom 13 personar i trafikken i Vest politidistrikt, 9 i tidlegare Hordaland politidistrikt og 4 i Sogn og Fjordane.

Det blei i 2017 registrert 387 trafikkulykker med personskaade i distriktet mot 381 saker i 2016.

Det har vore ein liten nedgang i talet på saker som gjeld køyring i påverka tilstand det siste året. I 2017 blei det registrert 924 saker, mot 960 i 2016.

3. Kriminalitetsutviklinga

3.1 Vinningskriminalitet

Reduksjonen i vinningskriminaliteten haldt fram i 2017 samanlikna med tidlegare år. Totalt ble det i 2017 registrert 10 102 vinningslovbrot, mot 10 934 saker i 2016. Dette er ein nedgang på 7,6 %. Nedgangen på landsbasis har vore endå større, 12 % dersom ein ser bort frå sakene som har hendt i Vest politidistrikt. På landsbasis har vinningskriminaliteten gått ned med om lag 40% sidan 2013. Sjølv om endringa i statistikkgrupper i 2015 spelar inn, er det utan tvil ein svært stor nedgang i vinningskriminaliteten.

Distriktet har fortsatt fokus på gjengangarkriminelle. Mange av dei er narkomane som må finansiere sitt narkotikaforbruk ved hjelp av vinningskriminalitet. I 2017 har det opne rusmiljøet i Bergen samla seg i området rundt Straxhuset i Damsgårdsveien, som ligger i politisone Damsgård, og tett knytt til politisone Michael Krohns gate. Michael Krohns gate er ein av dei få politisonene som har fleire registrerte saker i 2017 enn året før. Dei fleste av sakene gjelder butikktjuveri, tjuveri frå bod og garasje, sykkeltjuveri og tjuveri frå bil.

Tjuverier frå personar i det offentlege rom har vore omtalt i fleire år som eit av dei største problemområda innanfor vinningslovbrota, men det har vore ein stor nedgang sidan toppåret i 2013. Nedgangen har fortsett også i 2017. Sidan 2013 er talet på slike tjuveri meir enn halvert - frå 2 854 i 2013 til 1 198 slike saker i 2017. Det har vore ein tilsvarande utvikling også i dei andre større byane i Noreg. Denne typen tjuverier er stort sett eit sentrumsfenomen, knytt til uteplassar, restaurantar, kollektivtransport og andre plassar der mye folk er samla. I mange av disse sakene blir det stjålet bankkort som blir brukt av gjerningspersonen i minibank eller butikk. Her er det som oftast videoovervakingsbileter tilgjengeleg, noko som gjer det lettare å identifisere gjerningspersonen. Tidlegare har omreisande rumenarar og nordafrikanarar vært oftast i søkjelyset i denne typen saker. Etterforskinga har dei siste åra vist at det framleis er dei same nasjonalitetane som er høgt representert som gjerningspersonar, men at dei i mindre grad reiser rundt i andre deler av landet. Mange oppheld seg i Bergen i nokre månader, før dei reiser til heimlandet ein periode. Ein del kjem tilbake til Bergen etter ei tid. Nokre er òg busett i Bergensområdet.

I 2016 omtalte vi tjuveri og grove tjuveri frå bustad særskild som eit problemområde. Talet på denne typen meldingar til politiet har ikkje gått ned på linje med andre typar vinningslovbrot, men tvert imot auka. Grove tjuveri frå bustad er omtrentleg likt med fjoråret. I Bergen sentrum politistasjonsdistrikt har det vore ein auke frå 200 til 258 simple tjuveri frå bustad. Bergen sør politistasjonsdistrikt har òg hatt ein auke, frå 33 til 54.

Ved fleire driftseiningar har dei grove tjuveria kome i bølger. Både driftseiningane Bergen sør og Sotra, Askøy og Øygarden mistenker at omreisande vinningskriminelle står bak mellom anna tjuverier av speil eller ratt frå spesielle bilmerkar og tjuveri av sølvtøy og smykke frå bustad. Dersom ein ser bort frå Bergen og omland er det ikkje store nok kriminalitetstal til å slå fast statistiske samanhengar. Ved ein mindre driftseining vil relativt små endringar få store prosentvise utslag. Fleire av driftseiningane utanfor Bergen sentrum opplever at talet på tjuverier og ordensproblem aukar når enkelte gjengangarar sleppast fri frå soning eller varetekt.

På grunn av dei markerte endringane i statistikkgruppene for vinningslovbrot etter 1.oktober 2015, er det ikkje hensiktsmessig å samanlikne utviklinga for dei enkelte statistikkgruppene i 2016 og 2017 med åra før. Politidistriktet er geografisk sett stort, og mange driftseiningar har lite folketal og lite kriminalitet.

Ran og utpressing

Talet på ran og utpressingssaker er kraftig redusert dei siste åra, og denne utviklinga fortsett i 2017. Dei fleste rana skjer i Bergen sentrum, spesielt i dei områda der dei synlege rusmiljøa er samla. I mange tilfelle er både offer og gjerningsperson knytt til rusmiljøet.

3.2 Økonomisk kriminalitet

Det har ikkje vore nokon stor reell endring i den økonomiske kriminaliteten frå 2016 til 2017. Det har vore ein liten nedgang i talet på saker frå 2 297 saker i 2016 til 2 260 saker i 2017. Dette er ein nedgang på 1,6 %

Generelt er økonomilovbrota ofte komplekse saker, som krev mykje tid og ressursar. Større korrupsjonssaker, utroskap og dei grovaste bedragerisakene kan ta fleire år å etterforske. Unntaka er dei mindre alvorlege sakene som allereie er utreia av andre organ, til dømes Skatt Vest.

Det er gjort endringar i statistikkgruppene både for konkurssaker og brot på bokføringslova. Det er derfor vanskelegare å samanlikne talet på saker mot tidlegare år, men erfaringa er at volumet er stabilt. Samarbeidet og kommunikasjonen med kontrollstatane er generelt god. Dei veit at politiets kapasitet er for liten og ville nok elles ha meldt fleire saker. Det er ingenting som tyder på at det er ein nedgang i denne typen kriminalitet.

Ikt-relatert kriminalitet har auka frå 2016 til 2017. Ein reknar med at det fortsatt er store mørketal på ikt-relatert kriminalitet, men politiet merkar ein tendens, der fleire no melder slike forhold. Auken i ikt-relatert kriminalitet speglar seg og i samfunnsutviklinga der NSM rapporterer om ein auke i dataangrep.

Eit tverrfagleg samarbeid med politiet og andre samarbeidspartnarar i saker om arbeidsmarknadskriminalitet har gitt ei lita auke i talet på desse sakene. Hovudformålet i dette tverrfaglege samarbeidet opp mot arbeidsmarknadskriminalitet har vore forebygging og etterleving av regelverket.


3.3 Narkotikakriminalitet

Etter fleire år med et høgt tal på narkotikalovbrot har vi dei siste åra sett ein betydeleg nedgang. I 2017 har vi sett ein auke i forhold til 2016. I 2017 blei det registrert 3 483 narkotikasaker mot 3 214 saker i 2016, ein auke på 269 saker (8,4 %). Vest politidistrikt har dei siste åra hatt eit høgt fokus på dei opne russcenene i Bergen sentrum og på enkelte ungdomsmiljø i distriktet. Dette ga mellom anna utslag i svært høge tal på melde narkotikalovbrot i perioden 2012-2014. Frå august 2014 har ei eiga innsatsgruppe jobba med opne russcener. Gruppen har dei siste par åra hovudsakeleg nytta bortvisningar som alternativ reaksjon til å melde personar for bruk og innehaving. Dette kan også ha medverka til at talet på narkotikalovbrot er lågare enn tidlegare.

Ein reduksjon eller auke i meld narkotikakriminalitet gir ingen haldepunkt for å seie at det er færre eller fleire som sel eller bruker narkotika i politidistriktet. Talet på narkotikasaker er avhengig av kontrollnivået til politiet og tollvesenet. Det inneber at det er kontrollnivået som i stor grad bestemmer talet på melde narkotikasaker, meir enn den faktiske narkotikasituasjonen.

Den grove narkotikakriminaliteten er i stor grad knytt til personar og grupperingar av utanlandsk opphav. Det gjer narkotikaproblematikken vanskeleg, og sakene er komplekse og tidkrevjande å etterforske. Den grove narkotikakriminaliteten er derfor avhengig av innsats frå politiet. Frå hausten 2015 blei ressursar prioritert til ein omfattande dopingsak, eit nasjonalt prosjekt mot radikalisering og frå slutten av 2015 også til OP Dark Room. I tillegg har politidistriktet prioritert innsats mot

menneskehandel og hallikverksemd dei seinare åra. Trass dette har politidistriktet produsert 68 grove narkotikasaker i 2017. Politidistriktet starta hausten 2016 eit arbeid med å forbetre rutinar for å prioritere kva for eit nettverk som skal etterforskast til ein kvar tid og kor omfattande etterforskinga skal anleggjast.



Figur 2: Narkotikalovbrot, utvikling innanfor utvalte statistikkgrupper 2013-2017
 Kjelde: PAL for STRASAK, gjerningsdistrikt=Vest, registreringsdato=2013-2017

Det er driftseininga Bergen sentrum som har flest melde narkotikasaker. Om lag 38 % av alle melde saker er registrert i Bergen sentrum. 61 % av alle melde narkotikasaker er knytt til Bergen kommune. Tidlegare har dei fleste sakene blitt knytt til politisona Møhlenpris/Nygårdshøyden. Politisonar med flest saker i 2017 er Damsgård, Engen/Torgalmenningen, Bergen lufthamn og Torget/Bryggen.

3.4 Valdskriminalitet

I følgje tabell 1 har det vore ein liten nedgang i talet på valdslovbrot i 2017 samanlikna med 2016. Talet for 2017 og 2016 er ikkje samanliknbart med tidlegare år mellom anna fordi det etter innføring av ny straffelov 1. oktober 2015 er lagt til lovbrott som tidlegare ikkje var kategorisert som valdslovbrot, til dømes nokre statistikkgrupper som gjeld "Vern av offentleg myndigheit".

Liv, lekam og helse

Det har vore ein nedgang i talet på kroppskrenking frå 1 265 saker i 2016 til 1 206 saker i 2017. Det er ein nedgang i den grovare valden (kroppsskade) frå 229 saker i 2016 til 207 saker i 2017.

Lovbrot mot personleg fridom

Lovbrot mot personleg fridom har hatt ein nedgang i talet på saker, 797 saker i 2016 mot 753 saker i 2017. Den største sakskategorien er dei minst alvorlege trusselsakene: 632 saker i 2016 mot 583 saker i 2017. Det har vore ein liten auke i saker som gjeld truslar med kniv.

I 2017 blei det registrert fem saker som gjeld menneskehandel til prostitusjon og tvangsarbeid, noko som er ein auke frå 2016 (1 sak).

Lovbrot utført mot offentleg myndigheit

Talet på melde saker som gjeld lovbrøt utført mot offentleg myndigheit er tilnærma lik i 2017 som i 2016. Det blei i 2017 meld 503 saker mot 509 i 2016. I dette talet ligger hindring, truslar, forulemping og vald mot offentleg tenestemann.

Vald i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar har auka marginalt samanlikna med 2016. I saker som gjeld mishandling i nære relasjonar, strl. §§282 og 283 (tidligere §219), har det vore ein auke i talet på saker frå 332 saker i 2016 til 344 saker i 2017. Ein auke i talet på melde saker som gjeld mishandling i nære relasjonar blir sett på som positivt av politiet, då det er ønskeleg å avdekkja så mange saker som mogleg i denne kategorien. Ein antar at ein stor mengde saker ikkje blir meldt til politiet.

Drap

Det blei registrert 1 drap i Vest politidistrikt i 2017.

3.5 Seksuallovbrot

Det har vore ein auke i talet på seksuallovbrot på 26,7 % i 2017 samanlikna med 2016 - sjå tabell 1.

Det blei registrert 203 valdtektssaker i 2017 mot 173 saker i 2016, ein auke på 17,3 %. Talet inkluderer også forsøk på valdtekt. Det er ikkje mogleg ut frå tala å seie om det er ein reell auke eller om fleire har valt å melde lovbrota til politiet. Bergen legevakt melder om at dei har hatt ein kraftig auke i talet på pasientar ved valdtekstmottaket i 2017 samanlikna med tidlegare år. Blant dei fornærma i dei registrerte sakene er det totalt 10 menn.

Saker som gjeld kjøp av seksuelle tenester hadde ein liten nedgang frå 66 saker i 2016 til 59 saker i 2017. Dette talet er avhengig av politiet sitt kontrollnivå.

Det er også fortsatt ein kraftig auke i talet på saker som gjeld seksuelle overgrep mot barn. Dette gjeld barn i alle definerte aldersgrupper: under 16 år, under 14 år og under 10 år. For disse gruppene blei det registrert 392 saker i 2017 mot 236 i 2016, ein auke på 66 %. Samanliknar ein med talet for 2015 (155 saker) har det i løpet av dei siste to åra vore ein auke på ca.153 %.

Ein vonar at auka fokus på seksuallovbrot mot barn mellom anna gjennom media og OP Dark Room gjer at fleire står fram og melder slike lovbrøt og at den auka innsatsen frå politiet kan verke førebyggjande overfor potensielle lovbrøtarar.

Tilrettelagde avhør

Det har vore ein nedgang i talet på gjennomførte tilrettelagde avhør av barn og personar med psykisk utviklingshemming i Vest politidistrikt frå 2016 til 2017. Nedgangen er på 13 %. I 2017 blei det gjennomført 520 tilrettelagde avhør, mot 599 i 2016.

I 2017 låg andelen på tilrettelagde avhøyr som er gjennomført innan tidsfristen i gjennomsnitt på 57 % i Vest politidistrikt.

OP Dark Room

Prosjektet "OP Dark Room" starta opp i januar 2016 i Vest politidistrikt. Hovudmålet med prosjektet er å avdekke og stoppe pågåande overgrep mot barn. Vidare skal arbeidet som prosjektet gjer førebyggje framtidige overgrep, identifisere overgripaparar, identifisere barn som blir utsett for overgrep, samt sikre bevis og føre saker mot dei sikta for retten.

Ved årsskiftet 2017/2018 inneheld Dark Room-prosjektet 48 saker, 15 av dei registrert i 2017. I tillegg er det i løpet av 2017 sendt 42 saker til andre politidistrikt. Siktingane i prosjekt "Dark Room" dreier seg så langt om følgjande:

- live-streaming av seksuelle overgrep mot barn i utlandet
- seksuell omgang og valdtekt av barn under 14 år
- medverknad til seksuell omgang og samleie med barn under 14 år
- grov menneskehandel
- seksuell omgang med barn mellom 14 og 16 år
- produksjon, oppbevaring og deling av framstillingar av seksuelle overgrep mot barn
- påverke barn til å vise seg fram/sendte naken-bilete/onanere via internett

Prosjektet har avdekt faktiske overgrep mot barn og fått barn ut av heimar med pågåande overgrepssituasjonar.

Det har vore avsagt fleire dommar både i 2016 og 2017. Mellom anna ble ein mann i august 2017 dømd til 9 års fengsel utan vilkår for omfattande seksuelle overgrep.

Prosjektet har avdekka at det er ein betydeleg mengd overgripaparar som nyttar ulike dataprogram og nettstadar til kontakt og nettverksbygging. Dei chatter med kvarandre om overgrep mot barn, og delar grove overgrepsbilete og filmar. Det blir skapt ein aksept og normalisering mellom samtalepartnarane om overgrep av barn. Etterforskinga har vist at innhaldet i samtalane ikkje berre er fantasi, men i fleire tilfelle også reelle pågåande overgrep mot barn.

Fleire av sakene prosjektet etterforskar, er komplekse. Mellom anna er live-streaming-sakene utfordrande å etterforske. Det er avdekka eit betydeleg tal fornærma på Filippinane og dei straffbare forholda har gått føre seg over fleire år. Ein er avhengig av eit godt samarbeid med politiet i utlandet om ein skal avverje nye overgrep i eit anna land.

Dark Room har heile tida hatt tett kontakt med barnevernet og Barnehuset. Prosjektet har vore bevisst på tidleg og tett dialog med barnevernet, og gir barnevernet tidleg tilgang til relevante saksdokument, slik at dei forstår omfanget og alvoret i sakene. Dette har gitt gode resultat. Barna har blitt tatt hand om raskt, og behandling gjennom barnehuset blir sett i verk med ein gong når det er nødvendig. Barnevernet har også vore betre i stand til å ta vare på og gje rettleiing til den føresette som står igjen med barna.

3.6 Skadeverk

Det har vore ein marginal endring i talet på melde skadeverk. Det blei registrert 1 411 skadeverksaker i 2017 mot 1 401 saker i 2016.

3.7 Anna kriminalitet

«Anna kriminalitet» dekker ein rekkje andre lovbrott som ikkje naturleg går inn under dei andre hovudgruppene av kriminalitet. Til dømes er ein rekke av spesiallovane tilknytt «anna kriminalitet».

Det har vore ein nedgang i talet på melde lovbrott i denne kategorien. I 2017 blei det registrert 3 542 saker mot 3 872 i 2016, ein nedgang på 8,5 %.

3.8 Miljøkriminalitet

Miljøkriminalitet rammes av ulike spesiallover og dei fleste sakene av denne typen blei tidlegare kategorisert som misferder. Talet på saker er lite og marginale endringar frå år til år gjer utslag i stor endring i prosent. I 2017 blei det registrert 251 saker mot 245 saker i 2016.

3.9 Arbeidsmiljø

Det har vore ein nedgang på om lag 12,1 % i talet på lovbrott knytt til arbeidsmiljølova. I 2017 blei det registrert 109 saker mot 124 saker i 2016.

I samarbeid med kontrolletatane har politidistriktet gjennomført ein rekkje aksjonar retta mot arbeidslivskriminalitet i. Her er politiet heilt avhengig av at kontrolletatane bruker sine verktøy (som gebyr, bruksforbod og stenging) og at ein i tillegg nyttar forvaltningsmessige tiltak.

Saker som a-krimgruppa i politidistriktet etterforskar som følgje av samarbeidet med andre kontrollatar treng ikkje nødvendigvis vere koda på kriminalitetstype arbeidsmiljø. Fleire av lovbrota finn ein til dømes igjen under kriminalitetstypen økonomi. Derfor speglar ikkje nedgangen i talet på lovbrott knytt til arbeidsmiljølova den faktiske satsinga på arbeidslivskriminalitet i politidistriktet.

4. Politiet si straffesakshandsaming

I denne delen av rapporten blir resultatene av politiet si straffesakshandsaming kommentert. Utgangspunktet er dei delane av politiet si driftsstatistikk som viser talet på påtaleavgjerder, oppklaringsprosent og sakshandsamingstid, saker under arbeid og inndraging.

4.1 Talet på påtaleavgjerder

Talet på påtaleavgjorde lovbrøt i 2017 er lågare enn året før, og er det lågaste i femårsperioden. Samstundes er det viktig å hugse på at talet på melde saker også har gått mykje ned dei siste to åra. Stor turn-over både på juristsida og ved nokre etterforskingseiningar kan vere litt av årsaken. Det har også i 2017 vore aktivitet knytt til politireforma, som kan ha gått utover produksjonen i periodar.

	2013	2014	2015	2016	2017
Påtaleavgjorde lovbrøt	38 569	40 060	34 342	33 798	32 225
Av desse oppklara saker	17 672	19 765	15 645	15 732	15 468

Tabell 2: Påtaleavgjorde lovbrøt 2013- 2017

Kjelde: JUS316

Oppklaringsprosent

Oppklaringsprosenten viser tilhøvet mellom talet på saker som er avgjorde med ein kode som tel som oppklara, og summen av oppklara og ikkje-oppklara saker. Tida for påtaleavgjerda blir lagd til grunn når ein skal berekne oppklaringsprosenten i STRASAK.

Det er fleire faktorar som spelar inn på oppklaringsprosenten. Kriminalitetsbiletet har blitt meir komplisert, og politiet bruker meir tid på fleire alvorlege saker. Dermed blir det mindre tid til å granske dei mindre alvorlege sakene. I tillegg har den generelle kriminaliteten blitt meir internasjonalsert og samansett dei siste åra. Grunna samanslåinga av tala for dei gamle politidistrikta er det vanskeleg å kommentere utviklinga i 2016 og 2017 samanlikna med tidlegare år. Som tabellen viser hadde Sogn og Fjordane generelt ein høgare oppklaringsprosent enn Hordaland dei siste åra før samanslåinga. Samla sett endar oppklaringsprosenten på 53,2 i 2017. Dersom ein samanliknar dette talet med eit enkelt gjennomsnitt av oppklaringsprosenten i dei to tidlegare politidistrikta i 2015 (59,2) er det klart at det har vore ein nedgang. Dette er likevel ein forenkla samanlikning, som vil bli meir korrekt berekna dei neste åra.

Oppklaringsprosent alle lovbrøt	2013	2014	2015	2016	2017
Hordaland	46,3	50,7	46,7	51,5	53,2
Sogn og Fjordane	70,5	69,4	71,8		

Tabell 3: Oppklaringsprosent, lovbrøt 2013–2017

Kjelde: JUS316

Tilsvarende vanskeleg er det å peike på utvikling i oppklaringsprosent innan dei ulike kriminalitetstypene. Dersom ein bereknar enkle gjennomsnitt som ovanfor ser det ut til at oppklaringsprosenten for vinning har gått litt ned frå 2016 til 2017. Etersom dette er den lovbrøtkategorien med flest melde saker kan dette ha noko å seie for totalen. Når det gjelder økonomisaker er det både påtaleavgjort og oppklara færre saker i 2017 enn i 2016. Samstundes har tilhøvet mellom disse, altså oppklaringsprosenten, auka. Dei fleste andre kategoriane har berre mindre endringar. Unnataket er miljø og arbeidsmiljø saker, der både talet på påtaleavgjorde saker og oppklara saker har auka.

Sakshandsamingstid

Sakshandsamingstida til politiet blir rekna frå melding blir registrert i STRASAK, til det ligg føre ei påtaleavgjerd. I det følgjande beskriv vi sakshandsamingstida på oppklara lovbrota, det vil seie saker som har fått ei positiv påtaleavgjerd eller er lagde bort med ein kode som tel som oppklara. Tala viser gjennomsnittleg sakshandsamingstid i dagar.

Gjennomsnittleg tok det 125 dagar å sakshandsame dei oppklara lovbrota i 2017, litt mindre enn i 2016. Igjen ser vi at Sogn og Fjordane gjennomgåande har hatt ein kortare sakshandsamingstid enn Hordaland tidlegare. Hovudårsaka til at sakshandsamingstida endar på 125 dagar kan vere fokuset på restansesaker, særskilt dei eldste sakene. Dette bidreg til å trekke opp den gjennomsnittlege sakshandsamingstida. Likevel har ikkje talet på restansar gått ned, sjå eiga punkt under.

Lovbrot totalt	2013	2014	2015	2016	2017
Hordaland	108	118	121	130	125
Sogn og Fjordane	72	78	89		

Tabell 4: Sakshandsamingstid, oppklara lovbrota 2013–2017

Kjelde: JUS316

Saker med særskilt sakshandsamingsfrist

Enkelte valdssaker og saker der mistenkte er under 18 år har ein særskilt sakshandsamingsfrist.

Prioriterte valdssaker

Valdssaker med frist er særskilde utpeikte saker der regjeringa og riksadvokaten har sett som mål at sakshandsamingstida ikkje skal overstige 90 dagar, med mindre omsynet til granskninga eller andre tilhøve gir grunnlag for det. Talet på påtaleavgjorde valdssaker med frist er litt redusert i 2017 samanlikna med året før. Samstundes er det ei kraftig auke på sakshandsamingstida både for alle påtaleavgjorde saker og oppklara saker som har gått ut over fristen på 90 dagar.

Nokon driftseiningar i politidistriktet har hatt store utfordringar knytt til svært alvorlege og tidkrevjande saker som omhandlar grov vald og særleg seksuelle overgrep. Personellet som har ansvaret for disse sakene er typisk også dei same som har ansvaret for dei prioriterte valdssakene. Dette er til dels også situasjonen for påtale. Belastninga knytt til mengda av tilrettelagte avhøyr og etterforskning har dermed vore så stor at det har tatt kapasitet frå dei prioriterte valdssakene, noko som igjen har påverka den gjennomsnittlege sakshandsamingstida.

	2013	2014	2015	2016	2017
Tal på valdssaker med frist i alt	408	396	294	321	314
Sakshandsamingstid alle saker					
Hordaland	81	77	88	100	123
Sogn og Fjordane	75	80	94		
Sakshandsamingstid oppklara saker					
Hordaland	102	90	105	122	152
Sogn og Fjordane	68	74	84		

Tabell 5: Sakshandsamingstid på prioriterte valdssaker, påtaleavgjorde, 2013-2017

Kjelde: JUS603

Saker mot ungdom under 18 år

For personar under 18 år gjeld ein tilsvarende sakshandsamingsfrist som for prioriterte valdsaker. Fristen er heimla i straffeprosesslova § 249, andre ledd. Som hovudregel skal positiv påtaleavgjerd fastsetjast innan seks veker (42 dagar) etter at lovbrytaren blei rekna som mistenkt i saka. Talet på påtaleavgjorde saker kor gjerningspersonen er under 18 år er langt høgare i 2017 enn året før, med ein auke frå 1 169 til 1 587 saker. Ein ser av tabellen nedanfor at den gjennomsnittlege sakshandsamingstida både for alle saker og oppklara saker også i 2017 gjekk over fristen på 42 dagar i 2017, sjølv om resultatet er litt betre enn i 2016.

Vest politidistrikt har nytta ungdomsstraff ved 3 tilfelle i 2017, og ungdomsoppfølging i 39 av sakene der ungdom under 18 år har utført lovbrøt. Av desse har konfliktrådet i Sogn og Fjordane handsama 1 ungdomsstraff og 12 ungdomsoppfølgingar, totalt 13 av sakene.

	2013	2014	2015	2016	2017
Tal på saker i alt	1 331	1 477	1 175	1 169	1 587
Sakshandsamingstid alle saker					
Hordaland	30	35	43	53	49
Sogn og Fjordane	34	31	21		
Sakshandsamingstid oppklara saker					
Hordaland	27	30	37	48	45
Sogn og Fjordane	33	28	20		

Tabell 6: Sakshandsamingstid saker mot ungdom under 18 år påtaleavgjorde 2013-2017

Kjelde: JUS611

4.2 Saker under arbeid og restansar

Statistikken over saker under arbeid (JUS 087) viser det samla talet på saker i politidistriktet. Disse sakene blir ofte omtalte som volum av saker politiet har under arbeid. Når sakshandsamingstida er over tre månader, snakkar ein om restansar.

For politiet er det viktig at det er ein balanse mellom innkomne (registrerte) og utgåande (ferdig handsama) saker. Om det kjem inn fleire saker enn det som blir gjort ferdig, blir det ei oppsamling av saker hos dei ulike sakshandsamarane. Det fører til at framdrifta i kvar enkelt sak blir meir oppstykkja, granskinga og påtalehandsaminga blir mindre effektiv, og det totale straffesaksproduktet får dårlegare kvalitet.

Saker under arbeid

Politidistriktet hadde 16 845 saker under arbeid ved utgangen av 2017, 319 saker mindre enn året før. Talet på ikkje påtaleavgjorde saker hos politiet er litt mindre i 2017 enn det var i 2016 og 2015. Frem til juni 2017 ble det færre saker under arbeid (8 231 saker i juni), men i løpet av hausten steg talet til over 9 000 igjen

	2013	2014	2015	2016	2017
Ikkje påtaleavgjorde saker	9 809	8 903	9 240	9 337	9 156
Påtaleavgjorde, ikkje rettskraftige saker	8 577	9 406	7 921	7 827	7 688
Ikkje rettskraftige saker i alt	18 386	18 309	17 161	17 164	16 845

Tabell 7: Tal på saker under arbeid, 2013-2017

Kjelde: JUS087abcd

Restansar

Saker som er eldre enn tre månader omtalast som restansar. I 2017 er talet på restansar som ikkje er påtaleavgjorde fortsatt over 5 000, men det har vore ei liten nedgang i 2017 samanlikna med 2016 totalt sett. Størrelsen på restansebeholdninga har variert gjennom året sjølv om totalsummen ved årets slutt endar på 5 289. Med unntak av 2014 har talet på restansar auka i femårsperioden. Det er i tidlegare Hordaland politidistrikt at det største volumet av restansar ligg. Hordaland hadde ei positiv utvikling i 2014 og var godt i gang med å bygge ned restansane, men frå slutten av 2014 og dei påfølgande åra har politidistriktet vore i ei krevjande tid som nok har påverka resultatane negativt. Politidistriktet har satt i verk fleire tiltak for å forbetre situasjonen, men utan varige resultat. Ved overgangen til 2018 setjast det inn fleire ressursar og arbeidet får høgare prioritet.

	2013	2014	2015	2016	2017
Ikkje påtaleavgjorde saker	5 198	4 616	5 236	5 373	5 289
Påtaleavgjorde, ikkje rettskraftige saker	7 022	8 021	6 709	6 685	6 817
I alt	12 220	12 637	11 945	12 058	12 106

Tabell 8: Tal på restansar (saker eldre enn 3 månader), 2013–2017

Kjelde: JUS087abcd

4.3 Inndraging

Det er eit sterkt fokus på inndraging av utbytte frå lovbrøt eller inndraging av gjenstandar som er brukte ved lovbrøt. Som ein følgje av dette er det utarbeida ein statistikk over registrerte inndragingar i STRASAK.

Statistikken er avhengig av kva type saker politiet har til gransking, potensialet for inndraging, kapasiteten til politiet og kompetansen dei har om finansiell gransking, samt i kva grad politiet og påtalemakta får gjennomslag for inndragingskrava sine overfor domstolane.

Talet på inndragingar i 2017 er betrakteleg lågare enn 2016 og 2015. Totalbeløpet for utbyttet eller gjenstandane er betrakteleg lågare samanlikna med 2016, men også dei føregåande åra har vært varierande. Når det gjelder resultatane på inndraging vil det alltid vere ei forseinking knytt til handsaminga av saka i rettsvesenet. Det vil seie at tala for 2017 ikkje endå reflekterer det som kan inndragast ut frå sakene som er etterforska i året som har gått. Samstundes henger beløpet og talet på inndragingar frå år til år saman med typen saker som granskast.

	2013	2014	2015	2016	2017
Utbytte § 34	62	109	98	49	50
Gjenstand § 35	128	187	197	76	34
Utvida § 34a	6	9	5	7	6
Totalt	196	305	300	132	90
Beløp (NOK)	5 041 186	9 911 124	4 034 700	12 752 599	9 112 492

Tabell 9: Inndraging av utbytte og gjenstandar 2013–2017

Kjelde: JUS623

4.4 Domfellingar og frifinningar

Tabellen nedanfor viser domfellingar og frifinningar i Vest politidistrikt i 2017. I dei 6 307 forholda som er avgjorde ved dom i 2017 har 352 forhold ført til frifinning.

Kriminalitetstype	Domfellingar	Frifinningar	% frifinningar
Økonomi	271	19	6,6 %
Vinning	1 288	83	6,1 %
Vold	748	75	9,1 %
Seksuallovbrot	133	12	8,3 %
Narkotika	1 299	31	2,3 %
Skadeverk	90	8	8,2 %
Miljø	0	6	100,0 %
Arbeidsmiljø	1	1	50,0 %
Trafikk	1 296	46	3,4 %
Anna	829	71	7,9 %
Totalt	5 955	352	5,6 %

Tabell 10: Tal på forhold avgjorde ved dom i 2017

Kjelde: JUS376

5. Politiet si operative innsats

5.1 Responstid

Rask respons kan berge liv, redusere skadeomfang eller bidra til å oppklare kriminalitet. Det er stilt sentrale krav til responstid for ekstraordinære hendinger, hendinger kor liv er direkte trua og/eller kor det er behov for rask innsats frå politiet. Responstida blir berekna frå det begynner å ringe ved politiets operasjonssentral til første politieining er på staden.

	Sentralt krav	Resultat
Responstid 80% (>20 000 innbyggjarar)	13,0	12,4
Responstid 80% (2 000 – 19 999 innbyggjarar)	17,0	17,8
Responstid 80% (<2 000 innbyggjarar)	30,0	30,6

Tabell 11: Responstid, sentrale krav og resultat i minutt, 2017.

5.2 Væpna oppdrag

I Vest politidistrikt sin vaktjournal blei det registrert 657 væpna oppdrag i 2017. Dette inneber nødvendigvis ikkje at alle var oppdrag kor politiet rykte ut til skarpe situasjonar. Tala inkluderer òg oppdrag kor politiet etter ei vurdering vel å væpna seg for eigen eller andre sin sikkerheit i samband med planlagde pågripingar, ransakingar og liknande.

5.3 Redningsaksjonar

Politiet sine innsats i redningsoppdrag opptek mykje ressursar. Politiet sine vaktjournal er ikkje godt egna for statistikk søk og analyse. Fleire oppdragskoder liknar kvarandre, og ein melding som først blir logga som redningsoppdrag, kan vise seg å vere noko anna. For å sortere ut disse sakene må ein gjennomgå mange av oppdraga manuelt. Ettersom det er store sprik mellom det som meldast inn som redningsoppdrag og det som er faktiske reelle oppdrag, gir ikkje det totale talet som er logga eit godt bilete av omfanget. Vest er likevel det politidistriktet som har flest registrerte redningsaksjonar til lands og til sjøs i heile landet, og har vore det i fleire år.

Ikkje alle oppdraga krev like mykje politiresursar. Ein del blir løyst på operasjonssentralen, anten ved å gje råd til meldar eller ved å vidareformidle meldingar til andre naudetater eller frivillige organisasjonar. Nokre oppdrag blir løyst av den/dei fyrste politipatruljen som kommer til staden, mens andre krev større innsats. For å få ein oversikt kan ein sjå nærare på oppdraga i ein konkret månad: I februar 2017 blei det logga 40 oppdrag registrert som redning/redningsteneste. Ved ein manuell gjennomgang viser det seg at berre 18 av dei reelt sett var redningsoppdrag. Dei andre 22 var feilføringar av ulikt slag. Grunnen til den høge andelen feilføringar skjer dels på grunn av overlappende kategoriar og at journalen først i sanntid, der innhaldet kvalitetssikrast i ettertid. Dette er hensiktsmessig i dei tilfella ein skal føre kontroll med kva politiet gjorde under utføringa av eit oppdrag, men gjer kvaliteten på statistikk søk dårlegare.

Av dei reelle redningsoppdraga var 8 oppdrag på fjellet, 8 knytt til sjø, 1 til luftfart og 1 anna redningsoppdrag på land. Sjøoppdraga var både båt-ulykker, båtar på drift, båtar som kantra eller mistanke om at personar har falt i sjøen. Fjelloppdraga kan vere personer som har gått seg vill eller har skada seg slik at dei ikkje kommer seg ned på eiga hand. Redningsoppdraga kan vere krevjande og krev personell med særskild kompetanse. Både fjellklatring, basehopping og andre risikofylte friluftaktiviteter er meir vanleg enn for nokre år sidan, og gjer redningsarbeidet meir krevjande.

Med tanke på fjellredning har politiet i dei siste åra hatt mange oppdrag knytt til turistmålet Trolltunga. Det spesielle med disse aksjonane er at folk ikkje går seg bort, men treng hjelp fordi dei er utslitt, har dårleg eller lite utstyr og mat med seg. I regi av Odde kommune blei det oppretta ein

fjellvaktordning, som stansa dei som ikkje har nok utstyr eller klede. Dette har vist seg å være særskilt vellukka, og talet på redningsaksjonar er betrakteleg redusert. Generelt er det redningsoppdrag på Hardangervidda, men det har ikkje vore nokon endring i omfanget på desse. Dei fleste oppdraga løyser Røde Kors operativt, men politiet har innsatsleiinga og dette krev ressursar.

5.4 Operasjonssentralane

8. november 2017 ble den nye operasjonssentralen for heile Vest politidistrikt satt i drift. På same tid ble operasjonssentralen i Sogn og Fjordane nedlagd.

Operasjonssentralane i Vest politidistrikt vart fram til 8. november 2017, drifta frå Bergen og Florø. Etter dette ble sentralen i Florø lagd ned. Operasjonssentralen i Florø har svart på 7 123 oppringingar frå 1. januar til 8. november med ein svarprosent på 98,1. Operasjonssentralen i Bergen har svart på 47 960 naudtelefonar i 2017. Sentralen i Bergen har handtert 96,7 % av alle 112-anrop innan tidskrava som POD har satt, inklusive dei samtalane som vart ruta til Bergen etter samanslåinga.

Svært mange av 112-anropa er ikkje nødtelefonar. Nokre er regelrett misbruk, andre feiloppringingar eller feil bruk av utstyr og apper.

Sentralen i Bergen har året igjennom svart på totalt 187 086 telefonsamtalar. Både naudsamtalar, 02800, presseførespurnadar og andre med direktelinjer inn. 74,1 % av alle telefonar er handtert innan tidskravet som POD har satt.

Samanslåinga av sentralane har vore handtert i eit eige prosjekt. Det vart tidleg klart at få av operasjonsleiarane og operatørane hadde ynskje om å fylgja med til Bergen. Det vart derfor sett i verk eit rekrutteringsarbeid for å få nok operatørar. Ved samanslåingstidspunktet var det berre to medarbeidarar frå Sogn og Fjordane som flytta med til Bergen.

Rekrutteringa har gått føre seg sidan juni 2017 og er framleis ikkje ferdig. Mange nye tilsette krev ekstra mykje opplæring og oppfølging før ein har ferdig utdanna operatørar på plass og dette er tidkrevjande. Talet på tilsette skal aukast opp til 67 personar og det er venta at alle tilsette kan vera på plass til september 2018.

5.5 Politibåten

I 2017 har 10 tenestemenn og -kvinner tenestegjort om bord i politibåten. Politibåten har eit stort distrikt å patruljere. Den dekkjar no eit geografisk område på ca. 160 nm frå sør til nord i dei to fylka, samt inn i fjordane, ca. 100 nm.

Politibåten ligg på sjøen heile året klar for å rykke ut. Politibåten er innlemma i Vest politidistrikts beredskapsplan, for å kunne mellom anna flytte mannskap/ressursar der det er behov. Båten har transportert innsatsleiarar, hundeførarar og mannskap frå utrykkingseininga til fleire stader i distriktet. Bruk av politibåten til transport er i mange tilfelle veldig tidssparande, og i enkelte tilfelle raskare enn helikopter. Politibåten er ein viktig ressurs med tanke på å auka politiberedskapen i distriktet. Til Husnes bruker politibåten ca. 45 minuttar frå Bergen, med bil vil turen ta ca. 3 timar.

Politibåten har jobba aktivt saman med driftseiningane i saker med tjuveri av båtar og frå eigedommar langs sjøen. Slik har fleire gjerningspersonar blitt gripne i løpet av sesongen. Fleire lovbrøt har blitt oppklara som følgje av ein målretta innsats i dei mest aktuelle områda.

Hordaland og Sogn og Fjordane har mange festivalar i sumarveke. Politibåten har ikkje hatt muligheit til å være til stades på dei største festivalane i 2017. Erfaring frå tidlegare sesongar har vist at når politibåten er til stades har det ein stor førebyggjande effekt. Det har vore få ulykker med

fritidsbåt og køyring av båt i ruspåverka tilstand i samanheng med festivalar der politibåten har vore til stades. Politibåten har òg hjelpt driftseiningane med mellom anna fangetransportar, slik at politiet har kunne oppretthalde politiberedskapen i sin sone.

Av større hendingar i 2017 var det sykkel-VM som var mest markant. Politibåten hadde døgnkontinuerlig teneste under heile meisterskapet, og fekk bistand av patruljebåtar frå både Sør-Vest og Agder politidistrikt. Det var også eit betydeleg samarbeid med marinen og Kystvakta, samt Røde Kors og Redningsselskapet.

342 båtar ble kontrollert i løpet av året. Det ble oppretta 24 meldingar, av dei 14 for køyring i ruspåverka tilstand. Det ble skrevet ut 12 forenkla førelegg. Politibåten har deltatt på ein større aksjon opp mot ulovleg fiske i 2017.

Politibåten har i forhold til talet på kontrollerte båtar hatt 36 reaksjonar, som gjev ein reaksjonsprosent på 10,52 for sesongen 2017.

6. Forvaltning

6.1 Pass og førarkort

Det har vore ein auke i talet på utskrivne pass i politidistriktet i 2017 samanlikna med 2016. I 2017 blei det skriven ut 82 844 pass i Vest politidistrikt mot 78 876 i 2015. Dette er ein auke på 3 968 pass (5 %).

Utskrivne pass	2015	2016	2017
Vest politidistrikt	72 689	78 876	82 844

Tabell 12: Tal på utskrivne pass, 2015- 2017

Vegtrafikklova § 34 gjev politiet rett til å tilbakekalle førarkort dersom det er rimeleg grunn til å tru at innehavar av førarkortet ikkje lenger fyllar vilkåra for å inneha førarkort. Dette kan vere relatert til helse, misbruk av alkohol eller andre rusande eller bedøvande middel, eller at innehavar ikkje lenger har dei nødvendige kunnskapar eller køyreferdigheiter som ein krev for å ferdast trygt i trafikken.

I denne samanheng tar forvaltningsavdelinga i politidistriktet jamleg imot bekymringsmeldingar kor det meldast frå om personar som ein meiner ikkje lenger oppfyller vilkåra for å inneha førarkort.

Tala for politidistriktet, avdeling Hordaland, var høgt i 2015. Årsaka var at ein då starta ein systematisk gjennomgang av melde narkotikalovbrot og vurderte dei i forhold til krava om edruelegheit i Vegtrafikklova § 34, 5. ledd.

Bekymringsmeldingar førarkort	2015	2016	2017
Vest politidistrikt	543	498	451

Tabell 13: Tal på bekymringsmeldingar førarkort, 2015-2017

6.2 Utlendingsforvaltning

I den operative delen av utlendingsforvaltninga har Vest politidistrikt i 2017 stått for 293 uttransportar av personar utan lovleg opphald i Noreg. Eit rekordhøgt tal blei uttransportert i 2014, mens resultatet for 2017 er det tredje høgaste i løpet av dei siste fem åra.

Uttransport av personar utan lovleg opphald	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vest politidistrikt	223	223	314	275	305	293

Tabell 14: Tal på uttransportar, 2012-2017

Av dei 293 personane som blei uttransportert i 2017 var 53,6 % straffedømde. Det blei oppretta 270 utvisningssaker i same periode.

Utlendingsseksjonen har vidare hatt eit særskilt fokus på id-etterforsking av kriminelle utlendingar som oppheld seg utan kjent id i Noreg. Dette er eit krevjande arbeid. I tillegg spelar Noreg sitt diplomatiske forhold til andre land ei rolle både for å kunne verifisere identitet, men også for å kunne uttransportere personar vi har stadfesta identiteten til. Fleire sentrale kriminelle utlendingar i Vest politidistrikt er i år verifisert ved blant anna bruk av internasjonalt politisamarbeid og uttransportert.

Føljande nasjonaliteter topper statistikken over flest uttransportere: Romania 33, Polen 25, Albania 20, Litauen 17, Tyskland og Nigeria 14.

7. Sivil rettspleie

I 2017 kom det inn til saman 60 310 saker innan sivil rettspleie i Vest politidistrikt, mot 55 927 året før, ein vekst på 7 %

Auken i kravsmål om utlegg held fram med ein auke på 12 % i høve til 2016. I høve til 2015 har veksten vore på heile 23 %. Det er denne sakstypen som i det vesentlege gir veksten i talet på saker.

Talet på søknader om gjeldsordning er det same som for 2016 med ein viss oppgang frå 2015 då talet var 424.

Talet på forliksklager har dei siste åra vist ein nedgang, men var for 2017 om lag som for 2016.

Etter ein kraftig auke i talet på forkynningar av konkurvarsels, innkalling til konkurshandsaming og varsel om tvangssal i 2016, har talet på forkynningar gått noko tilbake i 2017.

Politidistriktet ventar at veksten i kravsmål om utlegg vil halda fram også i 2018, medan ein ventar at talet på andre saker innanfor sivil rettspleie vil halde seg stabilt.

Innkome saker	2015			2016			2017
	Hordaland	Sogn og Fj.	Vest	Hordaland	Sogn og Fj.	Vest	Vest
Andre skjøn	2	0	2	1	1	2	0
Tilvising til inndrivning	1 048	127	1 175	1 076	112	1 188	1 413
Bistandssaker	85	0	85	98	7	105	104
Forliksklage	7 269	1 002	8 271	6 700	761	7 461	7 636
Fråvike fast eigedom	793	23	816	695	28	723	813
Andre handleplikter	18	2	20	41	2	43	60
Gjeldsordning	370	54	424	410	61	471	471
Arrest	11	1	12	17	2	19	15
Mellombels åtgjerd	14	1	15	29	1	30	24
Førespurnad gjeldsordning	319	38	357	336	38	374	421
Hovudstemnevitne	6 042	1 291	7 333	6 681	1 439	8 120	7 055
Naturskadeskjøn	193	100	293	42	60	102	3
Notarialforretningar	244	0	244	166	0	166	175
Tvangsdekning fondsaktiva	35	1	36	36	5	41	27
Tvangsdekning pengar	11	4	15	14	4	18	10
Tvangsdekning lausøyre	384	56	440	537	55	592	504
Tilbakelevering	236	39	275	274	38	312	272
Utlegg	8 548	1 376	9 924	8 477	1 269	9 746	
Utlegg § 7-2f	18 615	3 223	21 838	22 549	3 750	26 299	
Utlegg og Utlegg § 7-2f	27 163	4 599	31 762	31 026	5 019	36 045	41 194
Utlevering	85	20	105	97	18	115	113
Sum	44 322	7 358	51 680	48 275	7 651	55 927	60 310

Tabell 15: Tal på registrerte saker 2015-2017, sivil rettspleie
Kjelde: Namsfogden i Bergen/ Namsmennene i Sogn og Fjordane

8. Trafikk

I 2017 omkom 13 personar i trafikken i Vest politidistrikt, 9 i tidlegare Hordaland politidistrikt og 4 i Sogn og Fjordane. 10 menn og tre kvinner omkom, den yngste var 18 år medan den eldste var 88 år. Tala for 2016, 2015, 2014 og 2013 var høvesvis 10, 13, 13 og 25.

Det blei i 2017 registrert 387 trafikkulykker med personskaade i distriktet mot 381 saker i 2016.

Det har vore ein liten nedgang i talet på saker som gjeld køyring i påverka tilstand det siste året. I 2017 blei det registrert 924 saker, mot 960 i 2016.